

KOMMUNALT VATN TIL ØYANE

Referat frå møte med Lindås kommune, onsdag 22.august 2018.

Møtet vart halde på rådhuset, og desse deltok :

Lindås kommune : Arne Helgesen, Atle Dingen og John Bauge

Vass-kameratane : Ragnar Bergfjord, Rune Lien, Henriette Rolland, Birte Nydal,
John Helge Walderhaug, Magne Lien og Anna K Valle

Velkomen og kort historikk v/Anna K

Lindås kommune (LK) sine folk gjekk gjennom dei på førehand innsende spørsmåla :

Minstekrav for at LK skal overta anlegget er 110 mm rør.

Me oppfatta det slik at LK tilrådde dimensjon på 110mm heilt fram til slusene.

Dette for å sikra vassforsyning også for mogeleg fleire brukarar i området.

Vassanlegget må sjølv sagt byggjast etter kommunal norm.

Kommunalt tilskot kan pårekna dersom anlegget oppfyller dei ovafor nemnda krava.
Historisk sett har dette lagt på Kr 30 – 35.000 per abonnent, men kan gjerne aukast litt.

Refusjon av meirverdiavgift er også aktuelt for eit anlegg som er godkjendt for kommunal overtaking.

Organisering av prosjektet må skje gjennom eit andelsselskap.

Her har me fått tilgang til Eikanger vassverk sine vedtekter, som også er tilrådd av LK.

Kommunal godkjenning er todelt.

Rørleggjar (Stusdal VVS) må søkja om teknisk godkjenning til LK – VA avd.

Når det gjeld dispensasjonar for plassering av kummer m.v. må dette skje til LK Byggesak.

Vatn inn – vatn ut

Når brukarane legg stikkledning fram til hus/hytter må dei ha godkjendt kloakkløysing før ein får kobla til vassleidning.

Sjøleidning – evt. strekk over land.

LK gav klarsignal for at leidningen kan gå over land på Brakøy – med 1 kum på topp leidning.

Kanskje må ein også vurdera litt land-leidning ved Veråsstraumen.

Alle straumane er sårbare punkt, som krev ekstra tiltak.

LK delte ut MAL for sakshandsaming vedk. tilskot til private anlegg, samt eit prosedyrenotat - *vedl.*

Etter at LK hadde svart på spørsmål frå vass-kameratane, vart følgjande

arbeidsgruppe vald :

Rune Lien (leiar), Birte Nydal, Anna K Valle, John Helge Walderhaug

Anna K Valle (ref.)